

SKILT OG REKLAME

Send søknaden til:

**Kva slags skilt- og reklameinnretningar er unnatekne søknadsplikt og kva må du søkje om?**

Når du skal setje opp skilt- og reklameinnretning er det tre ulike kategoriar som er aktuelle. Avhengig av storleiken og plasseringa på skilt- og reklameinnretninga kan det vere at du:

1. Kan setje opp utan å søkje (altså ikkje søknadspliktig).
2. Må søkje, men kan som tiltakshavar (tiltakshavar = byggherre / du som skal bygge) sjølv vere ansvarleg for søknaden og oppsettinga.
3. Må søkje og søknaden må bli send inn av føretak som tek på seg ansvar som ansvarleg søkjar. Prosjektering og utføring må bli gjort av føretak som tek på seg ansvar som høvesvis ansvarleg prosjekterande og ansvarleg utførande. Eventuell kontroll må bli gjort av føretak som tek på seg ansvar for kontroll. Alle føretak som tek på seg ansvar må tilfredsstille krav til kvalitetssikring jf. forskrift om byggesak (SAK10) kapittel 10 og krav til utdanning og praksis jf. SAK10 kapittel 11.

Her er tre tabellar med meir informasjon om dei ulike kategoriane:

1. Ikkje søknadspliktig etter § 20-5 e i <u>plan- og bygningsloven (pbl)</u> og <u>SAK10 § 4-1 f</u> pkt. 4:	
Kva slags skilt- og reklameinnretningar gjeld dette for?	Kven er ansvarleg for kva?
<p>Skilt- og reklameinnretning inntil 3,0 m² som blir montert flatt på vegg. Unnataket omfattar ikkje montering av fleire skilt- og reklameinnretningar på same fasade.</p> <p>Med skilt meiner vi verksemds- og informasjonsskilt. Dersom fleire skilt blir monterte på same fasade, gjeld ikkje regel om unnatak lenger.</p> <p>Oppføring av ytterlegare eitt skilt eller reklameinnretning på fasade som har slike tiltak frå før, kan bli unnateken dersom oppføringa ikkje kjem i konflikt med føresegnene i § 29-2 i pbl om visuelle kvalitetar.</p> <p>Regelen om unnatak gjeld uavhengig av belysning. Belysning kan likevel vere ein faktor som får noko å seie i høve til føresegna i § 29-2 i pbl. Om kommunen kjem fram til at tiltaket er i strid med § 29-2 i pbl, kan kommunen i ettertid gje pålegg om fjerning.</p>	<p>Du er sjølv ansvarleg for at tiltaket (tiltaket = det du skal gjere) følger føresegnene i <u>plan- og bygningsloven</u> med tilhøyrande forskrifter, arealplanar som kommuneplanen sin arealdel og reguleringsplan, og andre løyve. Tiltaket må heller ikkje vere i strid med andre regelverk.</p> <p>Du er sjølv ansvarleg for å gjere eventuelle naudsynte avklaringar med andre styresmakter som er nemnde i SAK10 § 6-2.</p> <p>Vi tilrår at du informerer naboane dine før du byrjar arbeidet.</p>

Digital søknad

Dersom du skal søkje om løyve, tilrår vi at du sender elektronisk søknad gjennom ein av fleire søknadsportalar. Ved å bruke slike verkty får du på same tid ein betre kvalitetskontroll av søknaden. Mange kommunar har reduserte gebyr for søknader som er sende inn via internett. Sjå dibk.no for oversyn over ulike søknadsportalar.

SKILT OG REKLAME

2. Søknadspliktige tiltak som du som tiltakshavar kan vere ansvarleg for sjølv etter § 20-4 i plan- og bygningsloven og SAK10 § 3-1 d:

Kva slags skilt/reklameinnretningar gjeld dette for?	Kven er ansvarleg for kva?
<ul style="list-style-type: none"> • Skilt- og reklameinnretning inntil 6,5 m² montert på vegg • Skilt- og reklameinnretning med høgde inntil 3,5 m og breidde inntil 1,5 m montert frittstående på terreng <p>Regelen omfattar ikkje plassering av skilt- og reklameinnretningar som kan utgjere fare for persontryggleiken, og ikkje når fleire blir montert på same stad eller på same fasade.</p> <p>Om skiltet blir plassert slik at det kan falle ned på eit trafikkert område, som til dømes fortau eller inngangsparti, vil det kunne vere til fare for persontryggleiken. Det same gjeld for skilt som blir plassert direkte på bakken og ikkje er godt nok forankra.</p> <p>Ver merksam på at kommunen kan ha lokale reglar om visuelle kvalitetar fastsett i arealplan. (Visuelle kvalitetar handlar mellom anna om utsjånad og plassering.)</p>	<p>Du kan sende inn søknaden sjølv som <u>tiltakshavar</u>.</p> <p>Du er ansvarleg for at tiltaket følgjer føresegnene i <u>plan- og bygningsloven</u> med tilhøyrande forskrifter, arealplanar som kommuneplanen sin arealdel og reguleringsplan, og andre løyve. Om den kommunale arealplanen fastset andre krav, gjeld dei føre denne føresegna.</p> <p>For skilt- og reklameinnretning montert frittstående på terreng skal avstand til eigedomsgrense vere minst 4 m dersom ikkje</p> <ul style="list-style-type: none"> • Kommunen godkjenner at du byggjer nærare. <p>eller</p> <ul style="list-style-type: none"> • Du har skriftleg samtykke frå nabo til å byggje nærare. <p>Annan avstand kan vere bestemt i arealplan, som til dømes kommuneplanen sin arealdel eller reguleringsplan.</p> <p>Kommunen kan føre <u>tilsyn</u> og be om at du mellom anna dokumenterer korleis krava i <u>byggteknisk forskrift (TEK17)</u> er følgde.</p>

Send inn søknaden i eitt eksemplar. Ifølgje SAK10 § 5-4 skal han innehalde:

Søknadsblankett nr. 5153, eller eit <u>enklare skjema for privatpersonar</u> etter avtale med kommunen. Du finn meir informasjon og alle skjema for privatpersonar <u>her</u> .
Kvittering for nabovarsel og Opplysningar gjeve i nabovarsel. Du skal varsle naboar og gjenbuvar. Dersom du søker om dispensasjon, må du varsle særskilt om dette. Du skal bruke blankett nr. 5155 og i tillegg 5156, eller ein av dei enklare blankettane som ligg under <i>Kvittering for nabovarsel for mindre byggeprosjekt</i> litt lenger ned på same sida. Du kan ikkje sende søknaden til kommunen før frist for nabomerknader har gått ut. Du finn meir informasjon i informasjonsarket « <i>Nabovarsel –innhald og varslingsmåtar</i> ».
Eventuelle merknader frå naboar , med orientering om korleis desse eventuelt er tekne omsyn til.
Situasjonsplan. Kartet må vere av ny dato, og du kan tinge det hos kommunen. Marker med farge på kartet der skilt- og reklameinnretninga blir plassert på bygg. Vis plassering av frittstående innretning på terreng på rett stad. Avstandane må vere målt opp på kartet. Du finn meir informasjon i informasjonsarket « <i>Situasjonsplan – kva krevst?</i> »
Teikningar som viser utforming og plassering, og dokumenterer krav til estetisk tilpassing i samsvar med krava i §§ 29-2 og 30-3 i ppl, kommunale planreglar og vedtekter. Du finn meir informasjon i informasjonsarket « <i>Teikningar – kva krevst?</i> »
Eventuelle fråsegner og avgjerder frå andre styresmakter som nemnt i <u>SAK10 § 6-2</u> (vegstyresmakt osv.)
Eventuelt søknad om dispensasjon *. Er søknaden avhengig av dispensasjon frå plangrunnlaget eller andre føresegner, er det krav om grunngeven søknad etter § 19-1 i plan- og bygningsloven. Søknad om dispensasjon frå det generelle avstandskravet til nabogrensa er ikkje naudsynt dersom det ligg føre skriftleg samtykke frå den det gjeld. Dette med heimel i § 29-4 i plan- og bygningsloven og teknisk forskrift (TEK17) § 6-3. Du finn meir informasjon i informasjonsarket « <i>Dispensasjon</i> ».

Dei firesifra nummera i tabellen viser til blankettnummeret for byggjesaksblanketten som du finn på Direktoratet for byggkvalitet sine sider.

3. Søknadspliktige tiltak med krav om ansvarlege føretak etter § 20-3 i plan- og bygningsloven:

Kva slags skilt – og reklameinnretningar gjeld dette for?	Kven er ansvarleg for kva?
Andre skilt- og reklameinnretningar enn dei som er nemnde i tabell 1 og 2.	Føretak som tek på seg ansvar som <u>ansvarleg søker</u> må sende inn søknad om slike skilt og reklameinnretningar.

Send inn søknaden i eitt eksemplar. Ifølgje SAK10 § 5-4 skal han innehalde:

Søknadsblankett inkludert erklæring om ansvarsrett for søker	nr. 5174 og 5175
Kvittering for nabovarsel og Opplysningar gjeve i nabovarsel. Du skal varsle naboar og gjenbuvar. Dersom du søker om dispensasjon, må du varsle særskilt om dette. Du kan ikkje sende inn søknaden til kommunen før frist for nabomerknader har gått ut. Du finn meir informasjon i informasjonsarket « <i>Nabovarsel –innhald og varslingsmåtar</i> ».	nr. 5155 og 5156

SKILT OG REKLAME

Eventuelle merknader frå naboar, med orientering om korleis desse eventuelt er tekne omsyn til.

Situasjonsplan. Kartet må vere av ny dato, og du kan tinge det hos kommunen. Marker med farge på kartet der skilt- og reklameinnretninga blir plassert på bygg. Vis plassering av frittstående innretning på terreng på rett stad. Mål opp avstandane på kartet. Du finn meir informasjon i informasjonsarket «Situasjonsplan – kva krevst?»

Teikningar som viser utforming og plassering, og dokumenterer krav til estetisk tilpassing i samsvar med krava i §§ 29-2 og 30-3 i pbl, kommunale planreglar og vedtekter. Du finn meir informasjon i informasjonsarket «Teikningar – kva krevst?»

Gjennomføringsplan med oversyn over ansvarsområde inndelt i godkjenningssområde nr. 5185
og etter tiltaksklassar, kontrollområde, ansvarlege føretak og gjennomføring av oppgåvene.

Erklæring om ansvarsrett for prosjekterande, utførande og eventuelt kontrollerande nr. 5181

Eventuelle fråsegner og avgjerder frå andre styresmakter som nemnt i SAK10 § 6-2 (vegstyresmakt osv.)

Eventuelt søknad om dispensasjon. Er søknaden avhengig av dispensasjon frå plangrunnlaget eller andre føresegner, er det krav om grunngeven søknad etter § 19-1 i plan- og bygningsloven. Søknad om dispensasjon frå det generelle avstandskravet til nabogrensa er ikkje naudsynt dersom det ligg føre skriftleg samtykke frå den det gjeld. Dette med heimel i § 29-4 i plan- og bygningsloven og byggtknisk forskrift (TEK17) § 6-3. Du finn meir informasjon i informasjonsarket «Dispensasjon».

Dei firesifra nummera i tabellen viser til blankettnummeret for byggesaksblanketten som du finn på [Direktoratet for byggekvalitet sine sider](#).

Generelt om skilt- og reklameinnretningar, jf § 30-3 i pbl:

Skilt- og reklameinnretningar må ikkje vere skjemmaende eller sjenerande i seg sjølv, i høve til omgjevnadene eller for trafikken, eller vere i strid med ønskt utvikling i kommunen.

Du kan få løyve til å setje opp skilt- og reklameinnretning *permanent, for eit bestemt tidsrom* eller *inntil vidare*.

Får du løyve *inntil vidare*, kan kommunen seinare gje deg pålegg om å fjerne eller endre skilt- og reklameinnretningar som etter kommunen si vurdering er i strid med krava nemnt over. Kommunen kan alltid gje deg pålegg om å fjerne innretningar som kan medføre fare.

Når kan du byrje arbeidet?

Om det du skal setje opp ikkje er søknadspliktig, kan du byrje arbeidet med ein gong du har avklara at vilkåra for unntak frå søknadsplikt er oppfylte.

Om det du skal gjere er søknadspliktig kan du byrje arbeidet tre veker etter at kommunen har fått søknaden, dersom desse vilkåra er oppfylte etter § 21-7 i plan- og bygningsloven:

- Søknaden er komplett, det vil seie at han inneheld all naudsynt informasjon
- Oppføring av bygget er i samsvar med gjevne føresegner eller i medhald av pbl (er i samsvar med arealplan eller dispensasjon er innhenta på førehand).
- Det ikkje er naudsynt med ytterlegare løyve, samtykke eller fråsegn frå anna ansvarleg styresmakt etter SAK10 §6-2.
- Det ikkje ligg føre merknader frå naboar. *)
- Kommunen ikkje har gjeve deg melding om forlenga frist for sakshandsaminga etter [SAK10 § 7-3](#).

*) Dette vilkåret gjeld ikkje dersom tiltaket er slik at du som tiltakshavar kan søkje sjølv utan å bruke ansvarlege føretak. Sjå tabell 2 og [§ 21-7 tredje ledd i pbl](#).

Er ikkje desse vilkåra fylte, må du vente med å setje opp skilt- og reklameinnretninga til du har fått skriftleg løyve frå kommunen. Kommunen har då frist på 12 veker til å gje deg svar. Sjå [§ 21-7 i pbl](#).

Når dei søknadspliktige arbeida er ferdig utførte, skal du som tiltakshavar/ansvarleg søkjar be kommunen om ferdigattest.